



Hordaland fylkeskommune
Elizabeth Warren
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
16/95-7/FE - 234//CHMO

Dato:
07.04.2017

Søknad om midlar i samband med kulturminneplanar i Hordaland

Øygarden kommune er godt i gong med arbeidet med kulturminneplanen.

Arbeidet er delt inn etter tema og krinsar. Tema er definert i planprogrammet.

Kulturminnelanen skal ha tematiske kapittel med historie, utvikling og tilstanden og utfordringar i dag innan ulike felt.

Tema som vil verta omhandla er:

fornminne, landbruk og kulturlandskap, kystkultur, samferdsle og kommunikasjon, krigsminne, kyrkjer og anlegg knytt til kyrkjeleg verksemd, forsamlingshus, offentlege bygg, og kulturminne knytt til næringsverksemd. Ein vil også vurdere kva for nyare tids kulturminne ein vil sikra for framtida.

Magne Blom, ein av våre lokale skribentar i kommunen, er godt i gong med å skrive kulturminneplanen. Vi har hatt tre folkemøter, ei ved start av arbeidet, ei på julemøte til Sogelaget og eit saman med kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunen. Alle møta førte med seg gode dialogar med innbyggjararar i kommunen. Arbeidsgruppa skal ha befaringar i sommarmånadene 2017.

Prosjektgruppa har våren 2017 jobba med kartlegging og analyse av Oni, saman har vi definert ein god arbeidsmetodikk framover, slik at heile arbeidsgruppa eventuelt kan bidra i kartleggingsarbeidet.

Kommunen har tatt ut kart frå kvar krins og fornminne, samt rapportar på arkeologiske registreringer i heile Øygarden. Vi har skaffa til veie UIB sine arkeologiske utgravingar. Vi har tatt ut SEFRAK – register i temainndeling.

Ein liste over prioriterte kulturminne skal skildre kvifor den er prioritert og verdifull i den endeleg planen.

Når det gjeld krigsminne frå andre verdskrig har Hordaland fylkeskommune lagt inn over 800 krigsminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Dette arbeidet vil bli kvalitetssikra med lokalkjente i samband med dette planarbeidet, me har lagt opp til at me skal ha krinsmøter i starten av 2018.

I planprogrammet seier vi at vi skal gjere dette:

- Registrera og kartleggja kulturminne og kulturmiljø i kommunen

1. Gjennomgong og oppdatering av SEFRAK materiale

2. Oppdatering og kontrollregistrering av automatisk freda kulturminne i databasen Askeladden. Dette ønskjer vi å utføre i 2018

Dette er me i gong med no, Bjørg har sikra tilgong til Askeladden, – når heile Øygarden er kartlagt fortsetter me med følgjande:

- Gjera ei verdivurdering av dei registrerte objekta basert på ein klar prioriteringsstrategi.
- Laga ein handlingsplan for å sikra ei langsiktig forvaltning av dei viktigaste kulturminna.
- Sikra eit sterkare vern for objekt som i dag har svakt juridisk vern.
- Utarbeida ein rikt illustrert trykksak av vedtatt kulturminneplan.

Tidskjema:

Tid	Kva	Ansvar
Vår 2018	Krinsmøter – dialogmøter	Arbeidsgruppa
Vår 2018	Oppdtareing – Askeladden	Arbeidsgruppa
Vår 2018	Utstilling av bilder	Biblioteket/Kystmuseet
November 2018	Vedtak – kulturminneplan	Styringsgruppa/ formannskap

Budsjett

Omtale	Inntekt	Utgift
Støtte frå HFK	100 000	
Støtte frå HFK	100 000	
Estramidler frå HFK	50 000	
Utlegg til skrivent		90 000
Bildebehandling		10 000
Utstilling av bilder og annonse – biblioteket		5000
Utstilling Kystmuseet – annonse		5000
Dialogmøter		1 500
Trykksak kulturminneplan		50 000
Arbeid med Askeladden		50000
SUM	250 000	250 000

Budsjettet legger til grunn av kommunen får kr. 50 000,- i nye friske midlar frå Hordaland Fylkeskommune. Disse midlane vil komme godt med i arbeidsprosessane våre framover. Kursing og opplæring av kommunalt tilsette vil vere eit steg i arbeidet.

Med helsing

Christel Møvik-Olsen
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur